



Jobbnorge-ID: 147899

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Kommunikasjonsdirektør

Universitetet i Bergen er eit leiande og samfunnsengasjert universitet, synleg og med påverknad nasjonalt og internasjonalt. Vi søker etter kommunikasjonsdirektør med ansvar for å vidareutvikle UiB som ein viktig premissleverandør i utforminga av framtidens kunnskapsamfunn.

Kommunikasjonsdirektøren får ansvar for å leie og utvikle UiBs interne og eksterne kommunikasjon og inngår i Universitetsdirektøren si leiargruppe.

Vi søker etter ein visjonær og strategisk direktør som skal støtte universitetsleiinga og avdelingane i kommunikasjonsfaglege spørsmål. Direktøren skal gjennom tydeleg profilering bidra til at UiB blir ein synlig kunnskapsaktør nasjonalt og internasjonalt.

Arbeidsoppgåver:

- Overordna ansvar for UiB sitt eksterne og interne kommunikasjonsarbeid
- Leie arbeidet med å profilere og bygge omdømmet til UiB
- Leie Kommunikasjonsavdelinga og legge til rette for kompetanseutvikling for medarbeidarane
- Støtte UiB sine forskings- og utdanningspolitiske merkesaker
- Støtte universitetsleiinga og avdelingane i strategiske og kommunikasjonsfaglege spørsmål
- Redaktøransvar for universitetet sine eigne kanalar

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Høgare utdanning frå universitet eller høgskule
- Brei samfunnsinnsikt og kunnskap om offentleg sektor
- Sterk motivasjon til å vidareutvikle UiB
- Motiverande leiarskil med vekt på samarbeid og dialog
- Solid erfaring med kommunikasjon som strategisk endringsverktøy
- Dokumenterbare resultat og erfaring innan strategisk kommunikasjon
- God innsikt i trendar og utvikling i medielandskapet og kommunikasjonsbransjen
- Erfaring med målstyring, og budsjett- og resultatansvar

Vi kan tilby:

- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- Løn etter nærare avtale (stillinga er plassert i kode 1060)
- Medlemskap i Statens pensjonskasse

For ytterlegare informasjon, kontakt universitetsdirektør Kjell Bernstrøm, tlf. 957 70 062, eller ass. universitetsdirektør Tore Tungodden tlf. 975 57 140.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning. Personar med innvandrarsbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Søknadsfrist: 28.02.2018

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: